

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 15.08.2024
FRÅ: Administrerende direktør
SAKSHBEHANDLAR: Bjørn Egil Vikse
SAKA GJELD: **Oppfølging av Ventetidsløftet**

ARKIVSAK: 2024/542
STYRESAK: **082/24**

STYREMØTE: **28.08.2024**

Administrerende direktør si orientering pkt. 9

Bakgrunn

I styresak 63/24 beskrev administrasjonen det planlagde arbeidet med ventetidsløftet. Arbeidet er svært omfattende og dette saksunderlaget vil beskrive noko av kva som er gjort sidan sist styremøte. Rapporteringa som er oversendt Helse- og omsorgsdepartementet i første halvdel av august blir lagt ved som vedlegg til saka.

Rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet

Dei regionale helseføretaka fekk 8.juli tilsendt ønska mal for vidare rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet for august. Rapporteringa er planlagt å følgje same mal i tida framover.

Rapporteringa er todelt:

- Rapportering på planlagde tiltak for å redusere ventetider. Denne rapporteringa er todelt:
 - o Overordna rapportering på tiltak innan 5-7 utvalde fagområde
 - o Detaljert rapportering på alle tiltak som inngår i Ventetidsløftet
- Rapportering på ventetider. Helse- og omsorgsdepartementet har utvikla ein trafikklysmoell som vil bli lagt til grunn for rapporteringa til HOD. Denne modellen er ikkje endeleg avklart enno, men inntil vidare blir følgjande lagt til grunn:
 - o For rapportering på gjennomsnittleg ventetid, (kopierte frå HOD, difor på bokmål):
 1. Trafikklysmoellen vil ha fire farger: grønn, lysegrønn, gul og rødt.
 2. For å oppnå grønn farge må de langsiktige målene for gjennomsnittlige ventetider for påbegynt helsehjelp være nådd (under 50 dagar i somatikken, under 40 dagar i PHV for voksne, under 35 dagar i PHV for barn og unge og under 30 dagar i TSB). Disse målene er felles for alle RHF. For å oppnå lysegrønn farge må de

gjennomsnittlige ventetidene for påbegynt helsehjelp for hhv. somatikk, PHV voksne, PHV barn og unge, TSB og samlet være på samme nivå eller lavere enn tilsvarende tall i 2019

3. For å oppnå lysegrønn farge må de gjennomsnittlige ventetidene for påbegynt helsehjelp for hhv. somatikk, PHV voksne, PHV barn og unge, TSB og samlet være på samme nivå eller lavere enn tilsvarende tall i 2019
4. For å oppnå gul farge må de gjennomsnittlige ventetidene for påbegynt helsehjelp for hhv. somatikk, PHV voksne, PHV barn og unge, TSB og samlet være under tilsvarende tall i 2023. Måltallene er ulike for RHFene og knytter seg til hva de selv oppnådde av gjennomsnittlige ventetidstall for påbegynt helsehjelp i 2023.
5. Rød farge knytter seg til styringsmålene for 2024 og betyr at de gjennomsnittlige ventetidene for påbegynt helsehjelp for hhv. somatikk, PHV voksne, PHV barn og unge og TSB ligger på samme nivå eller over nivået i 2023. Når ventetiden får fargen rød vil variere for hvert RHF siden fargen er knyttet til styringsmålet for 2023 som varierer for RHFene.
6. For å følge med på måloppnåelse, sammenlignes månedstall mot månedstall i dashboardet. Det betyr at tall for mai 2024 sammenlignes med tall for mai 2019 og 2023. Dette for å hensynte sesongvariasjoner.
 - Det er i tillegg ønskeleg at det vert fulgt med på følgjande øvrige indikatorar:
 - Tid til tenestestart
 - Del med passert planlagt tid
 - Del avviste tilvisingar
 - Del fristbrot
 - Tal nyhenviste sett opp mot tal påbegynt helsehjelp og endringane i desse to størrelsane sett opp mot kvarandre.

Plan for oppfølging av resultat på ventetider i Helse Vest RHF

Helse Vest RHF skildra i styresak 63/24 at regionen ville ha følgjande mål for arbeidet med Ventetidsløftet:

- Gjennomsnittleg ventetid lågare enn 50 dagar for somatikk, 40 dagar for psykisk helsevern voksne, 35 dagar for psykisk helsevern barn og unge og 30 dagar for TSB.
- Del fristbrot under 2% for kvart av helseføretaka. På sikt bør det vere eit mål om å unngå fristbrot.
- Del passert planlagt tid for planlagde aktivitetar skal vere under 5%.
- Ventetid for eit utval kirurgiske operasjonar skal vere under 60 dagar frå første konsultasjon til operasjon er gjennomført.

Administrerande direktør vurderer at desse indikatorane er i tråd med måla og rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet. Som del av arbeidet med Ventetidsløftet ønskjer Helse Vest å ha gjennomgåande rapportering frå fagområda i helseføretaka til det overordna nivået, tilsvarande som Helse Vest RHF rapporterer til departementet. Helse Vest arbeidar derfor med å utarbeida ein ny regional rapport etter same mal som Helse- og omsorgsdepartementet har utarbeidd for RHF'a. For det overordna nivået med resultat per sektor er resultata for juni måned som følgar:

Juni 2024: Gjennomsnittlig ventetid, behandling startet

Sektor Helse Bergen Helse Fonna Helse Førde Helse Stavanger Private ideelle

Sektor	Helse Bergen	Helse Fonna	Helse Førde	Helse Stavanger	Private ideelle
Somatikk	62	59	73	69	67
PHV voksne	45	52	32	56	36
PHV barn og unge	45	46	57	59	51
TSB	31	48	18	34	

Definisjon trafikklys (per sektor)

▲ Bedre enn langsiktig mål

Bedre enn 2019-nivå for Helse Vest

Bedre enn 2023-nivå for Helse Vest

Dårligere enn 2023-nivå for Helse Vest

For dei einsskilde fagområda er resultatane som vist nedanfor, (kun fagområde med minst 45 dagar gjennomsnittleg ventetid er tatt med i denne framsyninga):

Juni 2024: Gjennomsnittlig ventetid, behandling startet

Fagområde	Helse Bergen	Helse Fonna	Helse Førde	Helse Stavanger	Private ideelle	Total
Anestesiologi	54			359		146
Thoraxkirurgi (inkludert hjertekirurgi)	106					105
Yrkes- og arbeidsmedisin	100					100
Smertetilstander		86				91
Øre-nese-hals sykdommer	91	78	121	86		91
Øyesykdommer	97	86	80	87		88
Plastikk-kirurgi	58			110	94	86
Barnekirurgi (under 15 år)	84					86
Nevrologi	78	116	66	90		86
Ortopedisk kirurgi (inkludert revmakirurgi)	68	59	94	113	91	85
Sykkelig overvekt				67		82
Habilitering barn og unge	105			63		76
Kjvekirurgi og munnhulesykdom	45		120	111		74
Klinisk nevrofysiologi	66		53	93		74
Revmatiske sykdommer (revmatologi)	87		56	36	25	72
Barnesykdommer	59	76	57	88		71
Karkirurgi	64	36		87		66
Geriatrici			65	50	67	63
Hjertesykdommer	78	55	59	36		63
Hud og veneriske sykdommer	89		64	43	46	59
Medisinsk genetik	59					59
Nyresykdommer	83	47	31	72	65	57
Urologi	47	69	65	55	51	56
Generell kirurgi	32	47	78		67	56
Allergologi				51		51
Habilitering voksne	36					51
Lungesykdommer	49	63	49	47		50
Psykisk helsevern barn og unge	45	46	57	59	51	50
Fysikalsk medisin og rehabilitering	70	32	32	39		50
Gastroenterologisk kirurgi	34	35	128	47	70	49
Endokrinologi	53	51	22	43	53	49
Psykisk helsevern voksne	45	52	32	56	36	45
Infeksjonssykdommer	28			61		45
Kvinnesykdommer og elektiv fødselshjelp	41	40	48	47	60	45
Nevrokirurgi	41			54		45

Definisjon trafikklys (per fagområde)

Bedre enn langsiktig mål
Bedre enn 2019-nivå for Helse Vest
Bedre enn 2023-nivå for Helse Vest
Dårligere enn 2023-nivå for Helse Vest

Administrerende direktør vurderer at denne måten å rapportera på raskt gir ei god oversikt over kva sektor og fagområde som har dei største utfordringane i helseføretaka. Trafikklysmodellen har sine fordeler og ulemper, men erfaringane til nå visar at den er motiverande for å rette den strategiske merksemda mot sektorane/fagområda med raud farge og som har størst utfordringar. Rapportane vil bli supplert med ei kolonne for Helse Vest totalt.

Det blir arbeida vidare med å inkludere også dei andre indikatorane for ventetid i same rapporten. Helse Vest RHF vil be om at helseføretaka nyttar dei same rapportane i bruk for oppfølging av arbeidet samt til eiga rapportering til styra. For helseføretaka vil rapportane og vere til nytte for å raskt kunne få oversikt over kva fagområde som har dei største utfordringane, men og for å følgje utviklinga. Rapportane kjem i tillegg til dei eksisterande rapportane som blir nytta i Helse Vest og som har vore i bruk i fleire år og som gir meir detaljert informasjon.

Status for regionalt arbeid

Helseføretaka har som tidlegare beskrive arbeida med å redusere ventetidene i fleire år. Arbeidet har hatt stor merksemd etter pandemien og har fått meir merksemd etter at Ventetidsløftet blei lansert. Det er no når sommarferieavviklinga er over at arbeidet kan få den merksemda som er ønskeleg.

Det regionale arbeidet med Ventetidsløftet som blei gjort greie for i styresak 63/24 blir no starta etter sommarferieavviklinga. Helseføretaka er bedt om å melde inn deltakarar til den regionale koordinerande nettverksgruppa og om å etablere eigne nettverksgrupper. Regionalt direktørmøte har starta månadleg oppfølging av resultat og tiltak.

Foreslått tildeling av ikkje tildelte midlar

I styresak 63/24 var følgande midlar ikkje enno fordelt:

- Tilleggsbevilling for 2024: Private ideelle – 4,6 mNOK for 2024
- Tilleggsbevilling for 2024: Andre midlar for kjøp av helsetenester – 7 mNOK for 2024
- I tillegg ønska styret i Helse Vest RHF at 20 mNOK av den varige auken i tildeling vart heldt tilbake – forslag til tildeling av desse midla er beskrive i eiga styresak.

Dei private ideelle med fast avtale med Helse Vest RHF har meldt inn kva tiltak dei vil prioritere for å auke aktiviteten for 2024. Helse Vest RHF vurderer at dei private ideelle sjukehusa har meldt inn gode tiltak. Helse Vest RHF har etter ei totalvurdering av desse tiltaka og utfordringsbiletet i regionen valt å fordele midla for 2024 i tråd med inntektsfordelingsmodellen for dei private ideelle helseføretaka i Vest. Helse Vest foreslår dermed følgjande fordeling av midla til dei private ideelle i regionen:

- Haraldsplass diakonale sjukehus, 2.640.000 NOK. Auka aktivitet innan områda fotkirurgi, endokrinologi og gastroenterologi. I tillegg kjem auka bestilling innan plastikk-kirurgi omtalt nedanfor.
- Haugesund revmatisme sjukehus, 440.000 NOK. Sjukehuset vil bli bedt om å auke talet proteseoperasjonar (kne- og hofteproteser) med 10 stk utover bestillinga for 2024.
- Solli DPS, 367.000 NOK. Auka kapasitet i vurderingseininga og poliklinisk behandlingsaktivitet psykisk helsevern vaksne.
- Jæren DPS, 468.000 NOK. Auka poliklinisk kapasitet psykisk helsevern vaksne og barn og unge.
- Betanien sjukehus, 685.000 NOK. Auka poliklinisk kapasitet BUP og auka operasjonskapasitet gynekologiske tilstandar.
- Olaviken sjukehus og Bjørkeli DPS på Voss sjukehus har ikkje fått meldt inn behov for ekstra finansiering for 2024 som ledd i Ventetidsløftet.

Ved avslutting av kjøp frå private kirurgiske sjukehus ved starten av 2023 blei eit stort tal pasientar med plastikk-kirurgiske tilstandar vist til Haraldsplass diakonale sjukehus. Dette har gitt ei betydeleg auke i ventetider innan fagområdet, både til første vurdering og til operasjon. Helse Vest RHF har derfor beslutta å auke bestillinga for Haraldsplass diakonale sjukehus med 60 DRG poeng for 2024 innan det plastikk-kirurgiske fagområdet. Basisfinansieringa frå Helse Vest

RHF til Haraldsplass diakonale sjukehus vil med dette auke med 1,8 mNOK i 2024. Det er ønskeleg at mest mogleg av denne auken blir nytta direkte til operativ verksemd.

Konklusjon

Administrerande direktør har stor merksemd på arbeidet med å redusere ventetidene i regionen i tråd med satsinga i Ventetidsløftet. Arbeidet er godt førebudd og har hatt ein god start, men merksemda i helseføretaka må auke betydeleg nå når sommarferieavviklinga er over.

Administrerande direktør vil halde styret orientert om arbeidet med ei eiga rapportering på resultat for arbeidet i dei kommande styremøta.